

RAMMEAVTALE OM ÅRSARBEIDSPLAN

Mellom Gloppen kommune, NSF, FO og Fagforbundet

Denne rammeavtale gjeld frå 01.01.2020. Avtala kan seiast opp av begge partar med ein gjensidig oppseiingsfrist på 3 månader med mindre partane blir einige om noko anna.

Avtala gjeld for einingar i Gloppen kommune med turnusarbeid som nyttar årsarbeidsplan.

Avtala skal føre til at bemannings- og arbeidstidsplanlegginga skjer på ein optimal måte, samstundes som omsynet til dei tilsette blir teke i vare innanfor rammene av gjeldande lov- og avtaleverk.

1. Avtale om gjennomsnittsberekning av arbeidstida avtalast lokalt mellom arbeidsgjevar og tillitsvalte på den enkelte avdeling iht. Aml §§ 10-3 og 10-5. Årsarbeidsplan som viser den enkelte sin arbeidstid og fritid skal vere knytt til avtalen om gjennomsnittsberekning

Ny årsarbeidsplan skal være godkjent av tillitsvalde minst 5 veker før den trer i kraft, og gjort kjent for dei tilsette minst 4 veker før.

2. Ein årsarbeidsplan inneber at arbeidstida blir gjennomsnittsberekna over ein periode på 52 veker.
 - Dagleg arbeidstid kan maksimalt vere 12,5 timar (13 timar etter dispensasjon frå Arbeidstilsynet).
 - Arbeidstid pr veke skal maksimalt vere 54 timar.
 - Dagleg kviletid mellom to vakter skal vere på minimum 9 timar.
 - Samanhengande fritid pr veke (F1) skal planleggast med minimum 35 timar og strekke seg over eit heilt døgn, så fremt ikkje anna avtalast mellom partane på den enkelte avdeling.
 - Ordning med frie timar kan nyttast, jamfør retningslinjer og avtale.
 - Ved arbeid over 17/ 20/ 24 helgar pr år, kan ein plassere 2 helgar på rad i årsplanen, dersom medarbeidar ønskjer det.
3. Døgnskilje skal være kl 00.00 og vekeskilje mandag kl 00.00
4. På bakgrunn av til dømes endringar i bemanning, drift eller personalsamansetning i løpet av planperioden, kan partane på kvar enkelt avdeling avtale endringar som er naudsynt for fagleg forsvarleg drift i avdelinga for resten av arbeidsplanperioden.
 - a. Aktuelle tilsette og plasstillitsvalde skal informerast så snart behov for endring er kjent.
 - b. Alle endringar i arbeidsplanen skal drøftast med plasstillitsvalde og det skal skrivast referat.
 - c. Som hovudregel skal frihelgar, planlagd langfri eller ferieperiodar ikkje endrast utan semje med den enkelte arbeidstakar.
 - d. Endringar i arbeidsplanen skal skriftleg godkjennast av partane minst 4 veker før endringane trer i kraft.
 - e. Endringar med kortare frist enn 4 veker, skal kompensereast som forskyvd arbeidstid.

Dersom partane lokalt ikkje vert einige om endringar i planen skal problemstillinga løftast til adm.nivå.

5. Årsarbeidsplanen kan evaluerast kvart halvår i planperioden.
6. Partane er einige om at turnusarbeidarar ikkje kan påleggast å arbeide meir enn 17 av alle helgar (laurdag og søndag), og 12 langvakthelgar (langvakt = 12,5t/ 13t v/disp) pr år, avhengig av avdeling. Då er helg i ferieavvikling medrekna. Den 18./ 13. helga er frivillig og skal kompensereast med kr 200 pr time i tillegg til ordinær lønn. Det er ein føresetnad for å få kompensasjon at helga er fastsett på turnus (årsturnus eller hjelpeturnus), og at vedkomande har arbeidd den avtalte vakta. Medarbeidarar kan velje å arbeide fleire helgar, men max. 24 helgar pr år. Denne kompensasjonen gjeld tilsette i 50% stilling eller meir.

Kompensasjonen gjeld ikkje tilsette som har fått stilling basert på avtale om arbeid annankvar helg.

7. Partane er einige om å kunne nytte ordninga med frie timar. Dei frie timane kan maksimalt tilsvare 20% stilling sett over eitt år. Rettar, plikter og ansvar for arbeidsgjevar og tilsett er regulert i egne retningslinjer som er vedlegg til denne avtala.
8. Årsarbeidsplanen skal vise kva dagar og tider den enkelte skal arbeide. Ut frå verneomsyn er det viktig å hindre ein sterk og uheldig konsentrasjon av arbeidstida. Velferdsomsyn må ivaretakast og partane skal prøve å ivareta følgjande:
 - Unngå meir enn 5 arbeidsdagar på rad
 - Unngå meir enn 4 nattevakter på rad
 - Jamn fordeling av fridagar i årsarbeidsplanen
9. Turnusarbeidarar skal ha fri på så mange bevegelege helge- og høgtidsdagar som drifta tillèt. Det skal ikkje påleggast å arbeide fleire enn 5 av 12 bevegelege helg- og høgtidsdagar pr år. Berekning av F1/F4/F5 vert gjort som tidlegare. Dette gjeld dersom det ligg grunn-turnus i botnen ved utarbeiding av årsturnus.

Dersom ein utarbeider årsplan utan grunn-turnus i botnen har ein følgjande avtale:

Medarbeidar får F3 dagar ut i frå stillingsstorleik. Vakta F3 er definert til 7,1 time (fråtrekk frå sum arb.timar pr år)

Tal på betalte F3/F5 dagar er sett til:

- 81 – 100% 3 F3 + 1 F5
- 51 – 80,99% 2 F3
- 31 – 50,99% 1 F3
- 0 – 30,99% 0 F3

10. Ferie og fritid skal vere i samsvar med lov- og avtaleverk.

Ferie for turnusarbeidarar i 100 % stilling skal telje 35,5 timar/veke x 5 (30 feriedagar) = 177,5 timar.

Timane kjem i frådrag i timerekneskapet. For tilsette i deltid vert ferien fastsett til tal timar som tilsvarar stillingsstorleiken.

For arbeidstakarar som har ei anna arbeidstid pr veke enn 35,5 timar, vert den enkelte sin arbeidstid pr veke lagt til grunn også for berekning av ferie.

Avvikling av ferie som ovanfor skal ikkje medføre at nokon skulder timar eller har timar til gode.

11. Tillegg ved sjukmelding og svangerskapspermisjon handsamast på følgjande måte;

- Tilsette som er langtidssjukemeldte og som har ein planlagt turnus skal ha tillegg ut frå denne turnusen så lenge den er i drift. Tillegga skal vidareførast inntil den tilsette er tilbake i arbeid igjen, og tiltrer i ny arbeidsplan.
- Tilsette som er gravide skal ikkje tape tillegg ved tilrettelegging av arbeidsplan. Ved tilrettelegging av arbeidsplan skal tillegga som var gjeldande før tilrettelegginga vidareførast så lenge tilrettelegginga pågår.

12. Dersom tilsette sluttar i stillinga i løpet av årsarbeidsplan-perioden blir det gjort opp timerekneskap for perioden, der det vil bli gjennomført lønnstrekk dersom det er jobba for lite, evt ekstra utbetaling dersom det er jobba for mykje, i forhold til stillingsprosent.

13. Årarbeidsplan kan seiast opp med ein frist på 3 månader. Partane lokalt på den enkelte avdeling kan bli einige om at ny avtale skal tre i kraft før oppseiingsfristen er utgått. Varslingsfristen på 4 veker, jf pkt. 1 skal uansett oppfyllest.
14. Dersom det på den enkelte avdeling oppstår usemje om forståinga eller praktisering av rammeavtalen skal partane (tillitsvalde og adm.) prøve å finne ein felles forståing.
15. Partane er einige om at det er viktig at alle som er involvert i arbeidstidsplanlegging har god kunnskap om lov – og avtaleverk og dei planleggingsverktøya som skal nyttast. Partane skal gjennomføre felles opplæring av årarbeidsplanlegging for tillitsvalde og leiarar.

Overordna rammer for årsturnus, godkjent dato: _____

For Gloppen kommune: Geauid K. Gunnestad 26/8-19
Helse- og omsorgssjef

NSF: Alelegunn Torberg

Fagforbundet: Tone-Kristin Morken

FO: Marie Gjengedal

